



**Saksbehandlar:** Bente Marie Johansen

**Rådmann:** Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/23	Eldrerådet	16.11.2023
021/23	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	20.11.2023
048/23	Hovudutval oppvekst/kultur	20.11.2023
144/23	Formannskapet	27.11.2023
	Kommunestyret	

## Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.

### Hovudutval oppvekst/kultur 20.11.2023:

#### Behandling:

**Røysting:** Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

### HOK - 048/23 Vedtak

#### Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.

### Eldrerådet 16.11.2023:

#### Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

### ELR - 038/23 Vedtak

#### Eldrerådet si tilråding:

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.

## **Saksutgreiing**

### **Samandrag**

Spelemiddelordninga er staten sitt verkemiddel for å leggje til rette for fysisk aktivitet for alle.

Kommunen må kvart år rullera sitt prioriterte handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet for at organisasjonar og lag, samt kommunen sjøl, skal kunne søke om spillemidler.

Årets forslag til prioritert handlingsprogram inneheld 19 nærmiljøanlegg og 17 ordinære anlegg.

### **Bakgrunn for saka**

For å kunne søkje om spelemidlar, må anlegga det skal søkjast om tilskot til, vere oppført i ein kommunal plan. Planen skal innehalde alle anlegga det er tenkt å finansiere med spelemiddeltilskot; nærmiljøanlegg, ordinære idrettsanlegg og anlegg som skal rehabiliterast.

Sveio kommune har "Temaplan for idrett og friluftsliv", som vert revidert kvart fjerde år. Som ein del av planen ligg prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet, som blir rullert kvart år. Det er det prioriterte handlingsprogrammet som er kommunen sin plan for utbygging av anlegg.

Vestland fylkeskommune bruker kommunen sitt vedtekne prioriterte handlingsprogram, når dei tildeler spelemidlar.

### **Saks- og faktaopplysningar**

Spelemiddelordninga er staten sitt verkemiddel for å leggje til rette for fysisk aktivitet for alle. Det er ei overordna målsetjing, at det skal vere mogleg for alle å vere aktive kvar dag, både gjennom organisert idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet.

Spelemiddelordninga har to underordningar;

- Nærmiljøanlegg er utandørs anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, som gjerne er plassert nær skule/bu- og/eller opphaldsområde. På ordninga blir det gitt tilskott inntil 50% av godkjent kostnad, avgrensa til kr 300 000.
- Ordinære idrettsanlegg er i hovudsak til bruk for organisert idrett. Hovudregelen er at tilskotet svarer til inntil 1/3 av godkjent kostnader som knyter seg til sjølve aktivitetsanlegget. Nokre anleggstypar kvalifiserer til tilskot på inntil 50 % av godkjende kostnader. Dette gjeld turveggar/-løyper og -stiar, og enkelte spesielle tiltak. Kostnader til tribuneanlegg, vegar og parkeringsplassar, kjøp av grunn, eigedomsgjerde og ulike avgifter kan ikkje reknast med i tilskotssamanheng. Alle tilskot har ei øvre grense. For ei oversikt over dei maksimale søknadssummane til ulike anleggstypar, må ein slå opp i føresegnene for ordninga.

Det blir ikkje ytt tilskot til aktivitetsutstyr, drift, kjøp av grunn eller til dekning av gjeld.

Oppstart av arbeidet med "Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet" vart annonsert i lokalavisa Vestavind, på facebookside og nettsida til Sveio kommune, samt gjort kjent for lag og organisasjonar i kommunen gjennom informasjon sendt direkte. Idrettslaga i kommunen er informert

om ny rullering gjennom Sveio idrettsråd. Ved oppstart blir dei som har bygd anlegg siste år, eller som har planar om å bygge anlegg i åra som kjem, bedt om å sende informasjon til kommunen slik at respektive anlegg kan setjast opp prioritert handlingsprogram.

Då fristen for å melde inn for inn nye anlegg til årets handlingsprogram gjekk ut 1. oktober 2023, hadde Sveio kommune fått informasjon om 4 nye nærmiljøanlegg.

### **Innkomne merknadar**

Sveio idrettsråd fekk tilsendt forslag til “Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet – 2024”, og dei hadde ingen merknader til årets prioriterte handlingsprogram.

### **Konsekvensar**

#### **FN sine berekraftsmål**



#### **Økonomiske konsekvensar**

Det er høg aktivitet på anleggsutbygging, både i kommunal regi og i regi av frivillige. Samtidig er det for lite spelemidlar, både på landsbasis og fylkeskommunalt nivå, til disposisjon til å imøtekomme alle søknadar. Dette gjer at det tek tid frå første søknad blir sendt inn til tildeling av midlar. Dersom søknadar som blir sendt inn blir godkjente, er det opna for at utbyggarar kan søkje kommunen om å få forskotert spelemidlane dei forventar å få tildelt. Når kommunen lånefinansiere forskutteringsmidler kjem årlege renteutgifter i tillegg.

#### **Beredskap**

Ikkje vurdert

#### **Vurdering**

Det må vere eit mål at aktivitets- og anleggsutbygginga i kommunen, gjev eit mangfaldig og godt tilbod til innbyggjarane. Særleg viktig er det å sikre at bruken av eigne midlar, som Sveio kommune stiller til disposisjon til etableringa av anlegg, gjev eit så godt og tilrettelagt tilbod som mogleg, til flest mogleg av våre innbyggjarar.

Det er ei statleg målsetting at alle innbyggjarar skal vere fysisk aktive kvar dag ut frå eigne føresetnadar, og at tilbod om fysisk aktivitet skal liggje nært der innbyggjarane bur og har opphald.

Tilrettelegging og utvikling av ein nyskapande idrett- og aktivitetshall styrke satsinga og gje eit mangfaldig tilbod for eigenorganisert og organisert fysisk aktivitet for innbyggjarane i Sveio.

#### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen tilrår at Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre

**Aktuelle lovar, forskrifter, avtaler m.m.**

Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2023 - for tildelinger i 2024

Vedlegg:

PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM IDRETT OG FRILUFTSLIV 2024

**Vedlegg:**

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024